



Mannsvatnet og Nâso måla av Magnus Hardeland.

I samband med utstillinga av måleri av Magnus Hardeland på Bygdetunet Rød søndag for vel ei veke sidan dokumenterte Hans Ordin Østebø det heile ved å ta foto av kvart einskild bilete.

Dette saman med eigarlista vert sikra for ettertida.

- Dette vert gjort som ein del av arbeidet med å få vita meir om omfanget av Hardeland sitt arbeid i Kvinnherad, seier kultursjef Kristian Bringedal.

Han reknar med at det finst langt fleire måleri av denne dyktige kunstnaren i kommunen enn dei rundt 30 som var med på utstillinga.

Bringedal oppmodar alle om å seia frå om dei har måleri, teikningar og illustrasjonar av Hardeland i privat eige. Det kan vera nyttig å skaffa seg ein total oversikt dersom ein ved eit seinare høve skal markera kunstnaren med ein større utstilling.